

Møtereferat

Deltakarar:

FFO: leiar Eli Sjo, nestleiar Marianne Sundvor, Trude Aarseth(vara), Sonja Ljostveit (vara).

SAFO: Christel Borge Bersaas-Nesse .

Pensjonistforbundet: Torveig Botnen.

Kreftforeningen: Terje Thue.

Vestland Innvandrarråd: Everline Mjømen

Seksjon for samhandling: koordinator Randi Bjørgen Johannessen.

Forfall:

FFO: Michael Sønnesyn, Nooshin Zaery, Lene Nilsen (ikkje mogleg å få inn vara for Lene på grunn av kort varsel/akutt sjukdom)

SAFO: Renate Toft, ikkje mogleg å få inn vara på grunn av kort varsel/akutt sjukdom

ProLAR Nett : Christine Lønne, vara kunne ikkje stille på kort varsel.

Kopimottakarar:

Helse Vest RHF

Møteleiar: Eli Sjo

Møtedato: 16.03.2026

Klokkeslett: 09.00 – 14.00

Møtenr: 2

Møtested: Finstova, Bikuben kurs- og konferansesenter.

Arkivref: 2025/20631 - 17149/2026

Referat frå møte i Brukarutvalet 16.03.2026

Saksnr	Emne	Ansvarleg
26/11	Velkommen ; godkjenning av dagsorden og saksinnmelding Dagsorden og saksinnmelding er godkjend.	Fast
26/12	Kva skjer i sjukehuset v/viseadministrerande direktør Clara Gram Gjesdal. Gyn-kreft (KK) Helse Bergen har sett i verk ei rekkje konkrete grep for å styrkje gyn-krefttilbodet og sikre at pasientane får eit betre og meir robust behandlingstilbod. 1. Betydeleg styrking av fagkompetansen: Det er sett til fire nye overlegar, to erfarne gynekologiske onkologar, ein lækje med tre års erfaring og ein onkolog. I tillegg har avdelinga tre kreftkirurgar som alléereie har 3, 4 og 5 års erfaring innan gyn-kreftfeltet. Dette gir samla sett ein markant auke i kapasitet og kompetanse. 2. Gyn-kreft er igjen etablert som eiga seksjon	Fast

Seksjonen er re-etablert som ein eigen organisatorisk eining, noko som gir: Tydelegare leiing, større fagleg fokus og betre styring av pasientforløp og ressursbruk.

3. Klare ansvarsforhold og styrkt forløpstyring

- Tydeleg definerte ansvarlege for behandlingsforløp
- Utvida opningstid, som kan bidra til redusert ventetid og meir fleksible pasientløp
- Strukturert MDT (multidisiplinære team) – avgjerande for kvalitet i kreftbehandling
- Regional undervisning og fagleg oppdatering
- Aktiv deltaking på:
 - Gyn-kreftkongressar
 - NFGO
 - Arbeid med Handlingsprogram for gynekologisk kreft.

Gyn-krefttilbodet er styrkt på alle nivå – kompetanse, organisering, forløpleiing og fagleg kvalitetssikring – og verkar no som ein fagleg meir robust seksjon med betre kapasitet.

Psykiatrisk klinikk

1. Kapasitetsutviding og mellombelse løysingar

Klinikken har i februar drive ekstra senger på Dr. Martens, som har vorte nytta til utskrivingsklare pasientar. Dette avlastar dei ordinære postane og bidreg til betre pasientflyt.

Det er under oppbygging av ein ny sengepost, som skal gi:

- 8 nye senger før sommaren 2026
- Betre kapasitet i eit system som over tid har vore hardt pressa

2. Rekruttering – positiv utvikling

- Klinikken rekrutterer godt til nye stillingar, noko som ofte har vore ein flaskehals i psykisk helsevern. Stabil bemanning er heilt sentralt for kvalitet og kontinuitet.

3. Svært høgt belegg – utfordrande driftssituasjon

- Snittbelegg i februar:
 - 109 % for alle sengepostane
 - 114 % for akuttpostane
- Det har vore 83 korridordøgn berre i februar. Dette er eit teikn på at behovet overstig kapasiteten og at pressa på døgnpostane er omfattande.

4. Strategisk mål: styrke døgnkapasitet og betre pasientflyt

Dette henger tett saman med Helse Bergens overordna mål for psykisk helsevern:

- Auka døgnkapasitet i tråd med framskrivingsmodellen
- Utnytte eksisterande kapasitet betre
- Styrke intensiv- og beredskapsarbeid

Psykiatrisk klinikk står i ein krevjande kapasitets- og beleggssituasjon, men har satt i gang både mellombelse og

	<p>langsiktige tiltak. Ny sengepost, god rekruttering og avlastingstiltak gir håp om betre balanse mellom behov og kapasitet.</p> <p>Plakaten 2026 og oppdragsdokumentet</p> <ul style="list-style-type: none"> • Fokusområde i 2026 er prioritering og kloke val, reduksjon i ventetider, beredskap og utvikling av medarbeidarar. • Oppdragsdokumentet legg vekt på rask tilgang til trygge heilsetenestar, styrking av psykisk helsevern og rusbehandling, meir forskning og innovasjon, betre beredskap og berekraftig drift. • Klare mål om kortare ventetider, høgare gjennomføring av pakkeforløp, fleire lærlingar og LIS-legar, og større investeringar i MTU og KI-løysingar. <p>HUS på veg mot å bli Comprehensive Cancer Center (CCC) Haukeland universitetssjukehus har teke eit viktig steg i arbeidet med å bli akkreditert som eit Comprehensive Cancer Center (CCC) gjennom Organisation of European Cancer Institutes (OECI). Denne veka fekk sjukehuset besøk av akkrediteringsteamet, som gjennom to innhaldsrike dagar møtte fagmiljø, leiarar og medarbeidarar frå heile organisasjonen. Tilbakemeldingane var positive og understrekar det sterke arbeidet til sjukehuset for å gi kreftpasientar heilskaplege og framtidsretta tenester.</p> <p>Økonomi Det er betydelege budsjettutfordringar. Alle einingar arbeider med tiltak innan løn, innkjøp, koding, sjukefråvær og digitalisering. Målet er reelle tiltak for 200 mill. kr innan utgangen av mars.</p> <p>Aktivitet og ventetider Aktiviteten i somatisk, psykisk helsevern og rusbehandling er gjennomgått med ferske tal frå februar 2026. Ventetidene er framleis høge, men det blir jobba målretta for å redusere dei både innan somatisk og psykisk helsevern.</p> <p>Operasjonar Planlagd operasjonar har auka jamt sidan 2019 og var i 2025 på over 23 500. Ny insentivordning skal bidra til å redusere ventetidene til operasjon gjennom økonomiske belønningar for auka aktivitet.</p>	
26/13	<p>Berekraftsrapporten 2025 v/ Kristin Blehr Patterson Presentasjon av korleis arbeidet med Berekraftsrapport i år er lagt opp. Rapporten følgjer Helse Vest si mal, og hovudområda som blir rapportert på er styring, sosiale forhold og dessutan klima og miljø. Brukarutvalet vart invitert til å gi innspel til innhaldet og til korleis pasient- og brukarperspektivet kan kome tydeleg fram. Lovgrunnlaget som rapporten byggjer på: Rekneskapslova § 1-11, Regnskapsloven § 2-2, Åpenhetsloven og likestillings- og diskrimineringsloven. Desse lovkrava påverkar både kva som skal rapporterast og korleis verksemda skal jobbe systematisk med berekraft. Styringsdelen handlar om korleis verksemda tek</p>	Arbeidsmiljø- og pe

	<p>langsiktige og ansvarlege avgjerder. Det vart lagd vekt på anstendige arbeidsvilkår, likestilling, inkludering, mangfald og pasientomsyn. Klima- og miljøarbeidet engasjerer breitt og påverkar både drift og omdømme.</p> <p>Fleire avdelingar og fagmiljø deltek i arbeidet, og prosessen er tverrfagleg. Brukarutvalet blir inkludert for å sikre at pasient- og brukarmedverkand blir vareteken. Det vil bli gjennomført ei evaluering av både prosessen og innhaldet.</p> <p>Brukarutvalet etterlyste at evalueringa også omfattar korleis brukarane opplever tiltaka og endringane. Korleis ein kan styrkje brukarmedverknaden vidare, bør vere ein del av det vidare arbeide. Det er viktig å halde fram arbeidet med likestilling – særleg å sikre lik løn for likt arbeid. Det står lite om funksjonsnedsetjing, mangfald (til dømes etnisk mangfald og språk) i rapporten. Dette vil bli teke inn i arbeidet neste år.</p> <p>Patterson er invitert tilbake til Brukarutvalet seinare i år.</p>	
26/14	<p>Flytting av Palliativt senter v/Mari Øygaard</p> <p>Arbeidsgruppa har vurdert forslaget om å flytte og samlokalisere Palliativt senter med Kreftklinikken. Dei vurderer at ei flytting ikkje bør gjennomførast innanfor dagens arealrammer, då dette vil føre til redusert sengekapasitet, høg beleggsgrad, auka risiko for utlokalisering av pasientar, større fare for medisinske feil og eit svekt tilbod til palliative pasientar. Samlokalisering vil òg medføre tronge og lite eigna arbeidsforhold, og dessutan uvisse knytt til dei økonomiske gevinstane.</p> <p>Dersom det likevel blir vedteke å gjennomføre flyttinga, tilrår arbeidsgruppa å sikre meir areal, starte med 8 palliative senger og 27 kreftsenger, etablere palliativt miljø og KLB som eigne seksjonar i Kreftklinikken, og halde fram arbeidet med både kompetansebygging og meir realistiske budsjetttrammer.</p> <p>FTV – føretakstillitsvalde: 23. April FAMU - behandling 28. april</p> <p>Brukarutvalet ønskjer å kome med eit skriftleg innspel til det neste møtet til arbeidsgruppa, før 7. april.</p>	Brukarutvalet
26/15	<p>Revisjon av utviklingsplan 2022 – 2035 for Helse Bergen v/rådgivar Ingvild Sunde</p> <p>Brukarutvalet vart orientert om oppstarten av arbeidet med revisjon av utviklingsplanen for perioden fram mot 2035. Revidert plan skal ferdigstillast og leggjast fram for styret innan oktober 2026.</p> <p>Planen byggjer på ein solid fagleg grunnmur, men fleire indikatorar har behov for vidareutvikling for å sikre betre styringsinformasjon</p> <p>Byrja å hente innspel på: <i>Kva er bra? Kva saknar dykk? Kva kan takast bort?</i> Føretaksleiinga si evaluering av dagens plan vart</p>	Strategi, organisasjon

	<p>gjennomgått. Evalueringa peikar på at planen i hovudsak har tydelege og relevante mål, men at det er behov for:</p> <ul style="list-style-type: none"> • sterkare vektlegging av prioritering og berekraftige val • betre omtale av beredskap og tryggleik • tydelegare beskrivingar av samhandling og heilskaplege pasientforløp • meir ambisjon på innovasjon og digital transformasjon • tydelegare omtale av arbeidsmiljø • Måla må vere pasientorienterte, ikkje Helse Bergen orienterte. <p>Brukarutvalet vart invitert til å gi innspel til både prosess og prioriterte tema i revisjonen, inkludert:</p> <ul style="list-style-type: none"> • korleis planen bør vidareutviklast • kva område som bør styrkast • korleis brukarperspektiv og erfaringar best kan integrerast <p>Brukarutvalet ynskjer å lese gjennom rapporten og komme med innspel på neste møte i Brukarutvalet 27.04.2026.</p>	
26/16	<p>Eventuelt;</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er oppnemnt ein ny brukarmedverkar til prosjektet <i>Helsepedagogikk</i> ved Lærings- og meistringssenteret. • Brukarutvalet er invitert til å vere med på WAPR Norge-konferansen og kan bidra med praktiske oppgåver. Medlemmar som ønskjer å delta, blir bedne om å sende e-post til koordinator innan 23.03.2026. • Brukarutvalet ønskjer å delta i spørjeundersøkinga frå Apoteket Vest og vil dele undersøkinga vidare med eigne medlemsorganisasjonar. Svarfrist er 15. april. 	Fast
26/17	<p>Program Sentralblokk v/Merethe Storegjerde, Helge Vidar Bergman og Grethe Borvik Holmstrøm (kommunikasjonsavdelinga)</p> <p>Status for investeringskalkyle og økonomisk bereevne: Det vart orientert om igangverande arbeid med investeringskalkylen, inkludert;</p> <ul style="list-style-type: none"> • kostnadsoverslag for bygg, utstyr og teknologi • berekning etter P50- og P85-nivå • vurderingar av «medflytt», løysingsval og tekniske forutsetningar som fjellhall og rokering • skilje mellom kalkylegrunnlag på konseptnivå (for lånesøknad) og fullstendig kalkyle for investeringsavgjerd i forprosjektfasen <p>Status for driftsøkonomisk analyse, arbeidet omfattar;</p> <ul style="list-style-type: none"> • kvalitetssikring av masterdata og berekningsprinsipp • framskriving av bemanningsbehov • vurdering av gevinstar knytt til føreslått tiltak i konseptutgreiinga • innhenta erfaringar frå andre sjukehus, særleg Oslo universitetssjukehusutkast 	Fast

	<p>til analyse skal ferdigstillast før påske og behandlast i programstyremøtet 15. april</p> <p>Namn på nye bygg; Prinsippa for namngiving av nye bygg på Verkstadstomta og Konrad Birkhaug-tomta:</p> <ul style="list-style-type: none"> • bygg skal ikkje få namn etter verksemda som skal inn • namn bør ikkje vere for lange • lokalisering og omsyn til besøkande er sentrale vurderingsmomentsprogramstyret <p>støtta forslaget om at bygga skal få namna Mellombygget (Verkstadstomta) og Sydbygget eller Sørvestbygget (Konrad Birkhaug-tomta)</p> <p>Tidslinje for prosjektet:</p> <ul style="list-style-type: none"> • reguleringsarbeid startar i løpet av 2026 • mogleg låneopptak over statsbudsjettet i 2028 • bygging på Verkstadstomta og Konrad Birkhaug-tomta startar etter reguleringsvedtak • fase 1 omfattar første og andre etasje i Sentralblokken • fase 2 omfattar sør-austre sengepostområde, med byggjearbeid mot 2030-talet <p>Prosjektet vil vere eit av dei største byggjeprojekta på Vestlandet og strekkje seg over meir enn 20 år . Avtalt ny orientering i møtet til brukarutvalet 10. juni 2026.</p>	
26/18	<p>Pasientbiblioteket v/leiar Eli Sjo</p> <p>Leiar Eli Sjo informerer om at arbeidsgruppe som arbeider med avvikling av pasientbiblioteket jamleg sender løypemelding om proesesen slik at Brukarutvalet får moglegheit til å kome med innspel undervegs. Stub Tangen er invitert til møtet i Brukarutvalet 27. april 2026 for ein orientering om prosessen.</p>	Kommunikasjonsav
26/19	<p>Årstadshuset; presentasjon av testarena og omvising v/Stig Atle Gjøn.</p> <p>I dei tidlegare lokala til Storcken i Årstadhuset (tidlegare KK) er det no etablert ein ny Testarena Teknologi – eit samarbeid mellom Helse Bergen v/e-helse og Helse Vest IKT. Her kan teknologi prøvast ut i eit realistisk sjukehusmiljø, noko som gir auka moglegheit for brukarmedverknad i val og utprøving av løysingar. Både eksisterande og nye teknologiar kan testast, og leverandørar blir inviterte inn for å demonstrere produkta sine.</p>	Bygg og teknologi, F

Randi Bjørgen Johannessen
referent